

Møte nr. 2

Kontrollutvalet i Forsand
VERT KALLA INN TIL MØTE
24. mai 2011 KL. 08.30 i Møterom oppe

SAKLISTE

Godkjenning av innkalling og saksliste

- 11/11 [Godkjenning av protokoll frå møtet 15.04.2011](#)
- 12/11 [Oppfølging av rapport: Forsikringsavtalar](#)
- 13/11 [Oppfølging av rapporten 85 tilrådingar - orientering frå rådmann og revisor](#)
- 14/11 [Budsjettoppfølging kontroll og tilsyn på 30.04.2011](#)
- 15/11 [Bestilling av overordna analyse til ny plan for forvaltningsrevisjon](#)
- 16/11 [Oversikt over status prosjekter og kontrollar](#)
- 17/11 [Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden](#)

EVENTUELT

MELDINGAR

Periode: 01. desember 2010 - 24. mai 2011

Nr. Referatsakstittel

- 3/11 [Melding om vedtak - Årsmelding 2010 Kontrollutvalet](#)
- 4/11 [Melding om vedtak - Selskapskontroll Ryfylke Miljøverk IKS - RYMI](#)
- 5/11 [Melding om vedtak - Skatterekneskapen 2010 - Årsrapport](#)

Rådmannen er invitert til å orientere i sakene 12 og 13

Vennleg meld eventuelt forfall snarast på telefon 51 97 65 91 eller mobil 414 46 180, eller på e-post til postmottak.rks@sandnes.kommune.no.

Ved forfall vert varamedlemmer innkalla serskilt. Medlemmer som meiner seg inhabile , må og gje melding dette, slik at varamedlemmer kan innkallast.

Evt. saker merka (Unnateke offentleggjering i medhald av off.l) sendast berre til medlemmer/ varamedlemmer.

Forsand, 18.05.2011

Torstein Haukalid
Leiar av kontrollutvalet

Per Kåre Vatland
Sekretariatet

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 201100005
Arkivkode : E: 049
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 24.05.2011	Utvassaksnr. 11 /2011
--	-------------------------------	---------------------------------

GODKJENNING AV PROTOKOLL FRÅ MØTET 15.04.2011

Sjå vedlagt protokoll frå kontrollutvalet sitt møtet 15. april 2011

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand godkjenner protokollen frå møtet 15. april 2011.

SANDNES, 16.05.2011

Per Kåre Vatland
Rådgivar

Vedlegg:

1. [Protokoll frå møtet 15. april 2011](#)

[Sakliste](#)

[Neste](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 201000021
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 24.05.2011	Utvallssaksnr. 12 /2011
--	-------------------------------	-----------------------------------

OPPFØLGING AV RAPPORT: FORSIKRINGSAVTALAR

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal følge føreskrifta ansvar for å sjå til at kommunestyret sitt vedtak ved behandling av rapportar om forvaltningsrevisjon, vert sett i verk. Då kommunestyret i møtet 14.12.10 sluttbehandla rapporten om forsikringsavtalar, vedtok dei at kontrollutvalet skulle følge opp rapporten etter ca 6 månader.

Sekretariatet har send brev til kommunen der ein ber om skriftleg tilbakemelding om oppfølginga. Samstundes er rådmannen invitert til møte for å orientere om saka.

Saksutgreiing

Rådmannen skriv i ein e-post til sekretariatet om korleis kommunen har følgd opp rapporten:

”Til sak om forsikringsavtalar er det som tidlegare sagt i saksframstillinga til kommunestyret at dei merknadane som kontrollutvalet kom med om innarbeiding i rutinane, er dette på gang i samband med gjennomgang av ymse intern kontroll og rutinar. Dette arbeidet blir forhåpentlegvis ferdig i løpet av året.”

Rådmannen vil vere tilstades i møtet og svare på spørsmål frå kontrollutvalet.

I føreskrifta om kontrollutvalet med merknadar, går det fram at kontrollutvalet skal sjå til at rådmannen følgjer opp rapporten. Men kontrollutvalet kan ikkje fastsetje korleis rådmannen skal følge opp avvik/tilrådingar i dei konkrete tilfella, då dette er rådmannen sitt ansvar. Kontrollutvalet kan likevel melde frå til kommunestyret dersom dei meiner at saker ikkje vert følgde opp på ein tilfredsstillande måte.

Som rådmannen peikar på i svaret, er arbeidet sett i gang men vert forhåpentlegvis klar i løpet av året. Difor kan det vere naturleg for kontrollutvalet om å verte orientert om status på eit seinare tidspunkt, for eksempel på første møtet i 2012.

Forslag til

VEDTAK:

1. Kontrollutvalet i Forsand tek rådmannen si utgreiing til orientering. Melding om oppfølginga vert send til kommunestyret for orientering.
2. Kontrollutvalet ber rådmannen gje ei ny tilbakemelding innan 1 april 2012.

SANDNES, 16.05.2011

Per Kåre Vatland
Rådgivar

Vedlegg:

1. [Rutine personalforsikringar](#)

[Sakliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)



Forsand kommune

Rådmannen

Saksbeh
Audun Grødem

Ref.
10/750-9

Arkivkode
/K1-401

Dato:
16.05.2011

Rutine personalforsikringar

1. Formål:

Kvalitetssikring av kommunen sine forsikringsordningar for tilsette.

2. Omfanget av kommunen sine forsikringsordningar for tilsette.

Forsikringsordningane som kommunen har ovafor tilsette er dei som til eikvar tid er avtalt gjennom Hovudtariffavtalen(HTA). Innhaldet i desse er forhandla fram sentralt. Kommunen kan likevel velje å tilby betre ordningar. Pr i dag har kommunen tilbod på standard HTA-nivå.

3. Fornyng av forsikringsavtalane.

Kommunen kjøper tenester av WACO. Gjennom denne avtalen sikrar kommunen at gjeldande pålagde forsikringsordningar – jf punkt 2 – vert kjøpt inn frå det selskapet som – til eikvar tid - har det beste tilbodet.

[Tilbake](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800069
Arkivkode : E: 047
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 24.05.2011	Utvallsaksnr. 13 /2011
--	-------------------------------	----------------------------------

**OPPFØLGING AV RAPPORTEN 85 TILRÅDINGAR - ORIENTERING
FRÅ RÅDMANN OG REVISOR**

Bakgrunn

Kommunal- og regionaldepartementet sette i 2009 ned ei arbeidsgruppe som la fram rapporten "85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane". Kontrollutvala vart av statsråden på kontrollutvalskonferansen i 2010 spesielt bedt om å følgje opp kommunane sitt arbeid med styrking av internkontrollen. Innunder dette omgrepet fell både revisor sit arbeid, kontrollutval/sekretariat og kommunens eige arbeid med eigenkontrollen.

Saksutgreiing

Sak om status på oppfølging av rapporten vert no lagde fram for alle kontrollutvala i vårt distrikt. Sekretariat/kontrollutval har rapportert på de enkelte punkta tilrådingane på eget skjema, sjå vedlegg. Overfor kommunane er det bede om ei generell orientering. Rådmannen (eller den han utpeikar) er invitert til å orientere kontrollutvalet på møtet om kommunen si oppfølging av rapporten.

Når det gjeld revisor har dei laga ein eigen presentasjon som visar korleis de følgjer opp rapporten. Det vert ikkje lagd opp til eigen presentasjon frå revisor, men det vil vere høve for kontrollutvalet å stille spørsmål basert på den framlagde dokumentasjon

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet tek rådmannen og revisor si orientering om foreløpig oppfølging av rapporten "85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane" til orientering.

SANDNES, 16.05.2011

Per Kåre Vatland
Rådgivar

Vedlegg:

1. [Status tilrådingar frå rapporten 85 -tilrådingar](#)
2. [Presentasjon frå revisor](#)

[Sakliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)



Kontrollutvalet i Forsand

Arkivkode : E: 047
Saksnr. : 200800069

Rapporten 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane Status på anbefalingar som rettar seg mot kontrollutvalet

Anbefaling	Status	G = Gjennomført DG = Delvis gjennomført IG = Ikkje gjennomført
Tilråding 1: Kontrollutvalet bør veljast på det konstituerande møtet, saman med formannskap og ordførar. På dette punktet bør kommunelova § 17 nr. 2 og 3 endrast.		
Tilråding 3: Medlemmene i kontrollutvalet må få opplæring. Det er eit ansvar for kommunestyret å sørge for slik opplæring og tilstrekkelege ressursar.		
Tilråding 4: I kvar kommune bør ein gjennomføre ei drøfting av kva slags yrkes og organisasjonserfaring, utdanning og forhold til andre folkevalde organ ein er tent med å ha i kontrollutvalet.		
Tilråding 5: I kvar kommune bør ein gjennomføre ei drøfting av kor mange medlemmer det bør vere i kontrollutvalet.		
Tilråding 12: Kommunane må arbeide for å styrkje internkontrollen. Dette arbeidet må sjåast i samanheng med arbeidet med å sikre kvalitet i tenestene, effektiv ressursbruk og god folkevald styring.		
Tilråding 13: Administrasjonssjefane må gjere seg opp ei meining om kva for tenking som har prega arbeidet med internkontroll i kommunen til no, og vurdere om andre modellar eller retningar vil høve betre for utviklinga framover		
Tilråding 14: Administrasjonssjefane bør basere den vidare utviklinga av internkontrollen på ein risikoanalyse.		
Tilråding 15: Det er behov for rettleiing om gjennomføring av heilskaplege risikoanalysar i kommunane.		
Tilråding 16: Kommunane bør basere seg mindre på uformell kontroll. Ei formalisering vil gjere kommunen mindre sårbar for skifte av personell, endringar i omgivnadene og habilitetskritikk og vil auke det organisatoriske minnet.		
Tilråding 17: Kommunane bør i større grad nytte risiko-vurderingar i styringa av verksemda og særleg når ein skal definere innretninga på og omfanget av kontrollaktivitetar.		
Tilråding 18: Kommunane bør i samanheng med behovet for auka formalisering av internkontrollen dokumentere internkontrollen i større grad.		

Anbefaling	Status	G = Gjennomført DG = Delvis gjennomført IG = Ikkje gjennomført
Tilråding 19: Kommunane bør ha, bruke og halde ved like dokument som gjer greie for roller og ansvar. I tillegg bør kommunane i større grad inkludere kontrollansvaret i desse dokumenta.		
Tilråding 20: Kommunane bør sikre arbeidsdelinga ved utforming og utføring av kontrollar. Prinsippet om arbeidsdeling vil seie at ein og same person ikkje skal vere ansvarleg for både aktiviteten og kontrollen.		
Tilråding 21: Kommunane bør ha ei systematisk tilnærming til kompetanseutvikling og -sikring, gjennom opplæringstiltak og informasjon og ved rekruttering.		
Tilråding 22: Kommunane bør i den løpande drifta av internkontrollen prioritere nok ressursar og prioritere naudsynt vedlikehald høgare. Sentralt i eit velfungerande vedlikehaldsregime er det at ansvaret for oppdatering/-revidering av dokumentasjonen er tydeleg plassert. Det er vidare sentralt at oppdateringar/revideringar av til dømes risikovurderingar og dokumentasjon skjer regelmessig og i faste intervall, til dømes i eit internkontroll-årshjul.		
Tilråding 23: Kommunane bør etablere tiltak som sikrar god løpande informasjon og kommunikasjon til leiarar og medarbeidarar, og som sørgjer for at dei får naudsynt opplæring og kompetanse. Vidare må administrasjonssjefen ta ansvaret for å følgje opp internkontrollen systematisk og reagere ved avvik og brot		
Tilråding 24: Internkontrollarbeidet må henge saman med og vere del av organisasjonsutviklinga i kommunen.		
Tilråding 25: Administrasjonssjefen bør årleg rapportere om arbeidet med internkontrollen til kommunestyret		
Tilråding 27: Kommunen bør ha tydelege retningslinjer for anskaffingar som mellom anna skil mellom rammeavtalar, direkteanskaffingar og avrop på rammeavtalar. Retningslinjene bør også ha beløpsgrenser for å skilje mellom ulike typar anskaffingar.		
Tilråding 28: Ansvar og roller i anskaffingsprosessen må definerast tydeleg. Særleg er det viktig å vere tydeleg på kva for anskaffingar som kan gjerast av resultateiningane sjølve, og kva for nokre som skal gjerast av staben. Det må òg definerast i kva tilfelle staben skal involverast undervegs.		
Tilråding 29: Ansvaret for anskaffingsprosessen bør vere tydeleg. Det vil seie ansvaret for policy og rutinar så vel som ansvaret for kontrollar for å sikre etterleving av prosesskrav og avtalar som kommunen har inngått.		
Tilråding 30: Kommunen bør lage eit system for oppbevaring av rammeavtalar, og avtalane må vere tilgjengelege.		

Anbefaling	Status	G = Gjennomført DG = Delvis gjennomført IG = Ikkje gjennomført
<p>Tilråding 31: Kommunen bør lage eit system for kontraktsoppfølging som kan handtere endringsordrar og tilleggsarbeid. Dette området bør ha særskilde krav til kontrollaktivitetar som reduserer risikoen til eit akseptabelt nivå.</p>		
<p>Tilråding 32: Kommunen må ha kontrollaktivitetar knytte til bestilling, varemottak og utbetaling for å redusere risikoen for korrupsjon, mislegheiter og budsjettoverskridingar. Kommunen bør mellom anna ha rutinar for kontroll av fakturaer mot kontraktsvilkåra, bestilling og faktisk levering. Arbeidsdeling må sikrast.</p>		
<p>Tilråding 33: Internkontrollen til administrasjonssjefen må omfatte finansforvaltninga og vere tilpassa den risikoen som finansreglementet opnar for å ta.</p>		
<p>Tilråding 34: Det er behov for rettleiing til folkevalde i kommunestyra og i kontrollutvala om finansforvaltning og kontrollen med finansforvaltninga.</p>		
<p>Tilråding 44: Kommunane som eigarar bør vurdere storleiken på den interkommunale revisjonseininga dei er medeigar i, mellom anna med tanke på behovet for eit sterkt fagmiljø innanfor både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Styret og revisjonsmiljøa sjølve bør vurdere det same.</p>		
<p>Tilråding 48: Kommunane bør vurdere om det vil vere tenleg å skifte oppdragsansvarleg revisor seinast kvart sjuande år.</p>		
<p>Tilråding 57: Kommunane bør som eigarar eller tingarar utfordre revisjonseiningane på korleis dei organiserer verksemda og prosjekta, med tanke på å få høgast mogleg kvalitet på forvaltningsrevisjonane.</p>		
<p>Tilråding 62: Administrasjonssjefen bør sørge for at folkevalde og innbyggjarar lett kan finne informasjon med oversikt over selskap og anna som kommunen har eigarluter i. Lista bør òg vise kommunale føretak i kommunen, § 2-samarbeid, vertskommunesamarbeid og dessutan stiftingar som kommunen har vore med på å skipe.</p>		
<p>Tilråding 65: Som ei orientering til kommunane og kontrollutvala deira bør selskap med fleire kommunar som eigarar opplyse i årsmeldinga om dei selskapskontrollane som er gjennomførte i løpet av året.</p>		
<p>Tilråding 71: Kommunane bør sikre at dialogen med kyrkjeleg fellesråd er tilstrekkeleg og god.</p>		
<p>Tilråding 72: Dersom det er ønskjeleg lokalt, kan kommunen stille vilkår om kontroll med dei kommunale tilskota til fellesråda. Ein kan her tenkje seg eit vilkår om at kommunen har rett til å føre kontroll med at midlane blir nytta etter føresetnadene.</p>		

Anbefaling	Status	G = Gjennomført DG = Delvis gjennomført IG = Ikkje gjennomført
Tilråding 73: Kommunestyra må setje av tilstrekkelege ressursar til kontrollutvalet sitt arbeid, mellom anna til rekneskapsrevisjon, forvaltningsrevisjon og selskapskontroll.		
Tilråding 76: Kommunestyra må forstå og ta ansvaret for å leggje til rette for ein velfungerande eigenkontroll. Dette handlar òg om tilstrekkelege løyvingar.		
Tilråding 77: Kontrollutvalet bør sende kopi av møteinnkallingane sine til administrasjonssjefen for å halde henne eller han orientert.		
Tilråding 78: Administrasjonssjefen bør trekkjast inn i arbeidet med den overordna analysen som ligg til grunn for planen for forvaltningsrevisjon.		
Tilråding 79: Det er behov for rettleiing retta mot kontrollutvalet som gjer greie for kva revisor ser etter i revisjonsarbeidet, kva for tilhøve administrasjonen må gi informasjon om til revisor, og rapporteringa frå revisor tilbake til kommunen.		
Tilråding 80: Revisjonsrapportar bør ikkje vere offentlege før kontrollutvalet har motteke den endelege rapporten med innarbeidde merknader frå administrasjonssjefen. Offentleglova § 5 bør bli endra slik det same gjeld i kommunane som i staten (Riksrevisjonen).		
Tilråding 83: Kommunane bør sørgje for at tilsynsrapportar blir behandla på ein eigna måte i dei folkevalde organa i kommunen.		



Kontrollutvalet i Forsand

Arkivkode : E: 047
Saksnr. : 200800069

Rapporten 85 tilrådingar for styrkt eigenkontroll i kommunane Anbefalingar som rettar seg mot revisor

Anbefaling	Status	G = Gjennomført DG = Delvis gjennomført IG = Ikkje gjennomført
Tilråding 39: Det er behov for rettleiing retta mot til kontrollutvalsmedlemmene om kva revisor gjer i rekneskapsrevisjonen. Rettleiinga bør bidra til at ein unngår vanlege misforståingar om kva revisor gjer og ikkje gjer.		
Tilråding 40: Det er behov for rettleiing om kontrollutvalet sitt påse-ansvar overfor rekneskapsrevisor. Kontrollutvala bør få vite om rolla til revisor, dei formelle krava til revisor og gode spørsmål som ein kan stille revisor for å etablere ein dialog og for å få informasjon om arbeidet hennar eller hans.	Sjå kommentar under kontrollutvalets ansvarsområde.	
Tilråding 41: Kompetansen i kommunal revisjon bør kartleggjast.		
Tilråding 42: Departementet bør vere svært tilbakehaldne med å dispensere frå kravet til utdanninga til oppdragsansvarleg revisor, jf. revisjonsforskrifta § 11 tredje ledd. Dersom det blir dispensert, bør dispensasjonen berre gjelde for ein avgrensa periode.		
Tilråding 43: Den som reviderer ein kommune, må som andre revisorar sørgje for å ha eller skaffe seg tilstrekkeleg fagleg kompetanse.		
Tilråding 44: Kommunane som eigarar bør vurdere storleiken på den interkommunale revisjonseininga dei er medeigar i, mellom anna med tanke på behovet for eit sterkt fagmiljø innanfor både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Styret og revisjonsmiljøa sjølve bør vurdere det same.		
Tilråding 45: Kontrollutvala bør be revisor orientere om det interne kvalitetsarbeidet sitt og om den kvalitetskontrollen ho eller han gjennomgår som medlem i NKRF eller andre organisasjonar.		
Tilråding 46: Det bør vere statleg tilsyn med revisorar som reviderer kommunale rekneskapar, på linje med det som gjeld for revisorar som er omfatta av revisorlova. Tilsyn frå Kredittilsynet står fram som mest aktuelt. Statleg tilsyn bør utgreiast også når det gjeld forvaltningsrevisjon.		

Anbefaling	Status	G = Gjennomført DG = Delvis gjennomført IG = Ikkje gjennomført
<p>Tilråding 47: Det bør etablerast ei sertifiseringsordning for oppdragsansvarlege revisorar i kommunane, både for personar som driv rekneskapsrevisjon, og for dei som driv forvaltningsrevisjon. Ei utgreiing av ei sertifiseringsordning bør gjere greie for ordningar og erfaringar frå andre nordiske land. Utgreiinga bør òg sjå på konsekvensane av statleg tilsyn på dette området og vurdere moglegheitene for ein felles sertifiseringsordning for revisjon i kommunal og statleg sektor i Noreg.</p>		
<p>Tilråding 48: Kommunane bør vurdere om det vil vere tenleg å skifte oppdragsansvarleg revisor seinast kvart sjuande år.</p>		
<p>Tilråding 49: Revisor bør orientere kontrollutvalet om kva ho eller han gjer i samband med å sjå etter at den økonomiske internkontrollen er ordna på ein "betryggende" måte og med forsvarleg kontroll. På bakgrunn av orienteringa bør kontrollutvalet vurdere behovet for å tinge forvaltningsrevisjon av den økonomiske internkontrollen og internkontrollen elles.</p>	Sjå kommentar under kontrollutvalets ansvarsområde.	
<p>Tilråding 50: Det kan vere behov for å klargjere kva som er innhaldet i og omfanget av revisor sine oppgåver når det gjeld den økonomiske internkontrollen etter revisjonsforskrifta § 3. Eit eventuelt arbeid med klargjering må ta utgangspunkt i gjeldande forskrift, og bør seie noko om behovet for å sjå etter internkontrollen (til dømes på særskilde område som anskaffingar) og om kva som følgjer av revisorlova § 5-1 andre ledd. Eit eventuelt arbeid kan òg ha som mål å utarbeide ein forklarande tekst som kan supplere dei merknadene KRD hadde til forskrifta i 2004.</p>		
<p>Tilråding 52: Rapporten etter ein forvaltningsrevisjon bør skrivast slik at han er lett å lese og lett å finne fram i. Samandraget bør skrivast slik at det kan lesast av alle samfunnsengasjerte innbyggjarar.</p>		
<p>Tilråding 53: Det bør leggjast stor vekt på den vurderinga av risiko som skal liggje til grunn for den overordna analysen. Arbeidet med den overordna analysen bør sjåast i samanheng med anna liknande arbeid som er gjort i kommunen, til dømes i samband med internkontrollen.</p>		
<p>Tilråding 58: Revisor bør orientere kontrollutvalet om korleis revisjonsarbeidet er planlagt, og kva det omfattar og ikkje omfattar. Kontrollutvalet har eit ansvar for å skaffe seg denne informasjonen, jf. Kontrollutvalsforskrifta § 6.</p>		
<p>Tilråding 59: Kontrollutvala bør oppmode revisor til å gjere kontrollutvalet merksam på område der utvalet bør vurdere å tinge forvaltningsrevisjon og andre kontrollar.</p>		
<p>Tilråding 79: Det er behov for rettleiing retta mot kontrollutvalet som gjer greie for kva revisor ser etter i revisjonsarbeidet, kva for tilhøve administrasjonen må gi informasjon om til revisor, og rapporteringa frå revisor tilbake til kommunen.</p>	Sjå kommentar under kontrollutvalets ansvarsområde.	

Anbefaling	Status	G = Gjennomført DG = Delvis gjennomført IG = Ikkje gjennomført
<p>Tilråding 80: Revisjonsrapportar bør ikkje vere offentlege før kontrollutvalet har motteke den endelege rapporten med innarbeidde merknader frå administrasjonssjefen. Offentleglova § 5 bør bli endra slik det same gjeld i kommunane som i staten (Riksrevisjonen).</p>		
<p>Tilråding 81: Det bør vere tilstrekkelege moglegheiter til å nekte innsyn i dokument som blir sende mellom kontrollutvalet og revisoren på den eine sida og andre delar av kommunen på den andre. Det tilsvarande gjeld for dokument som blir sende mellom kontrollutvalet og revisoren. Offentleglova bør derfor evaluerast på dette punktet.</p>		
<p>Tilråding 82: Departementet bør avklare i kva grad kommunale revisorar kan og skal melde frå i tråd med krava i kvitvaskingslova.</p>		

[Tilbake](#)



Rogaland Revisjon IKS

KRD og anbefalinger til revisor

Hva er regnskapsrevisjon?

Tilråding 39:

”Det er behov for rettleiing retta mot kontrollutvalsmedlemmene om kva revisor gjer i rekneskapsrevisjonen. Rettleiinga bør bidra til at ein unngår vanlege misforståingar om kva revisor gjer og ikkje gjer.”

Hva gjør vi?

- Orienterer om vår revisjonsstrategi før revisjonsarbeidet settes i gang
- Gir en oppsummering av våre funn etter at revisjonen er gjennomført , både gjennom en rapport (årsoppgjørnotat) og en presentasjon for utvalget.
- Rapporterer om vesentlige forhold og misligheter underveis, i den grad dette er aktuelt

Kontrollutvalgets ansvar for å føre tilsyn med revisor

Tilråding 40:

”Det er behov for rettleiing om kontrollutvalet sitt påse-ansvar overfor rekneskapsrevisor. Kontrollutvala bør få vite om rolla til revisor, dei formelle krava til revisor og gode spørsmål som ein kan stille revisor for å etablere ein dialog og for å få informasjon om arbeidet hennar eller hans.”

- Enig – viktig med grundige orienteringer, særlig i startfasen av utvalgsperioden

Revisors kompetanse

Tilråding 41:

”Kompetansen i kommunal revisjon bør kartleggjast.

- Det er vi ikke uenige i.

Tilråding 42:

”Departementet bør være svært tilbakehaldne med å dispensere frå kravet til utdanninga til oppdragsansvarleg revisor, jf. revisjonsforskrifta § 11 trede ledd. Dersom det blir dispensert, bør dispensasjonen berre gjelde for ein avgrensa periode.”

- Ikke aktuelt for oss

Revisors kompetanse, forts.

Tilråding 43:

”Den som reviderer ein kommune, må som andre revisorar sørge for å ha eller skaffe seg tilstrekkeleg fagleg kompetanse”

- Det har vi!

Tilråding 44:

”Kommunar som eigarar bør vurdere storleiken på den interkommunale revisjonseininga dei er medeigar i, mellom anna med tanke på behovet for eit sterkt fagmiljø innanfor både rekneskapsrevisjon og forvaltningsrevisjon. Styret og revisjonsmiljøa sjølve bør vurdere det same.”

- Rogaland Revisjon er et av de største interkommunale revisjonsmiljøene i landet – men vi skulle gjerne vært enda større

Kvalitetskontroll av revisjonen

Tilråding 45:

”Kontrollutvalga bør be revisor orientere om det interne kvalitetsarbeidet sitt og om den kvalitetskontrollen ho eller han gjennomgår som medlem i NKRF eller andre organisasjonar.”

- Dette gjør vi så gjerne, og vi kan helt sikkert bli bedre til å orientere
 - Vi hadde for eksempel kvalitetskontroll fra NKRF i høst , som vi kom gjennom med god ”karakter”.
 - Vi har dessuten revidert våre retningslinjer for intern kontroll, og presenterer gjerne disse for kontrollutvalget.

Kvalitetskontroll av revisjonen, forts.

Tilråding 46:

”Det bør vere statleg tilsyn med revisorar som reviderer kommunale rekneskapar, på linje med det som gjeld for revisorar som er omfatta av revisorlova. Tilsyn frå Kredittilsynet (nå Finanstilsynet) står fram som mest aktuelt. Statleg tilsyn bør utgreiast også når det gjeld forvaltningsrevisjon.”

- Det er vi helt enige i, og vi er tildels underlagt slik kontroll allerede

Sertifiseringsordning i kommunal revisjon

Tilråding 47:

”Det bør etablerast ei sertifiseringsordning for oppdragsansvarlege revisorar i kommunanen, både for personar som driv rekneskapsrevisjon, og for dei som driv forvaltningsrevisjon. Ei utgreiing av ei sertifiseringsordning bør gjere greie for ordningar og erfaringar frå andre nordiske land. Utreiinga bør og sjå på konsekvensane av statleg tilsyn på dette området og vurdere moglegheitene for ei felles sertifiseringsordning for revisjon i kommunal og statleg sektor i Noreg.”

- Vel, vi er ikke uten videre enige i dette synspunktet
 - Kravene til å bli statsautorisert eller registrert revisor er høye nok
 - Vanskelig å komme gjennom ”nåløyet” – trenger vi noe mer???

Skifte av oppdragsansvarlig revisor

Tilråding 48:

”Kommunane bør vurdere om det vil vere tenleg å skifte oppdragsansvarleg revisor seinast kvart sjuande år”.

- Ikke noe problem for oss, men vi er ikke helt sikre på om kravet om rotasjon av oppdragsansvarlig er veldig formålstjenlig
 - Kravet har sin bakgrunn i trusselen om at det kan oppstå ”fortrolighet” mellom revisor og kunde når kundeforholdet har eksistert gjennom mange år. Dette er absolutt en relevant problemstilling, men vi anser denne risikoen som mer aktuell på det operative nivået enn på oppdragsansvarligs nivå
- Medfører ikke skifte av den valgte revisoren, men at revisjonsselskapet må sørge for en intern omfordeling av oppdragsansvaret

Revisjon av den interne kontrollen

Tilråding 49:

”Revisor bør orientere kontrollutvalet om kva ho eller han gjer i samband med å sjå etter at den økonomiske internkontrollen er ordna på ein ”betryggande” måte og med forsvarleg kontroll. På bakgrunn av orienteringa bør kontrollutvalet vurdere behovet for å tinge forvaltningsrevisjon av den økonomiske internkontrollen og internkontrollen elles.”

- Gjennomføres ved rapportering av revisjonsfunnene ved årets slutt (årsoppgjørsnotatet)

Tilråding 50:

”Det kan vere behov for å klargjere kva som er innhaldet i og omfanget av revisors sine oppgåver når det gjeld den økonomiske internkontrollen etter revisjonsforskrifta § 3. ...”

- Dette er vi udelt enige i, og har ved flere anledninger etterlyst anbefalinger/føringer for innholdet i regnskapsrevisjon for offentlig sektor

”Læring internt og på tvers”

Tilråding 52:

”Rapporten etter ein forvaltningsrevisjon bør skrivast slik at han er lett å lese og lett å finne fram i. Samandraget bør skrivast slik at det kan lesast av alle samfunnengasjerte innbyggjarar.”

- Vel – etter nyttige innspill fra flere av kommunene, mener vi at vi har et godt produkt, men vi kan alltid bli bedre og ytterligere tilbakemeldinger mottas med takk 😊
- Dilemma: Lage en rapport som er enkel og lesbar for de folkevalgte, samtidig som den skal være innholdsrik og tilstrekkelig detaljert til at administrasjonen kan ha nytte av den.

Overordnet analyse

Tilråding 53:

”Det bør leggjast stor vekt på den vurderinga av risiko som skal liggje til grunn for den overordna analysen. Arbeidet med den overordna anaysen bør sjåast i samanheng med liknande arbeid som er gjort i kommunen, til dømes i samband med internkontrollen.”

Tilråding 54:

”Det er behov for rettleiing til medlemmene i kontrollutvalet om den overordna analysen med nokre døme på korleis slike analysar kan gjerast”

- Vi mener vi hadde en god prosess i forrige runde, med både administrasjon og kontrollutvalg involvert

Kommunikasjon og bestilling

Tilråding 55:

”Kontrollutvala bør leggje forvaltningsrevisjonsrapportar som er ferdigbehandla ut på nettet, så framt dei er offentlige

- Det gjør vi!

Tilråding 56:

”Det bør være rettleiing og arenaer for erfaringsutveksling der kontrollutvala og sekretariata kan få kunnskap om korleis dei kan gjera gode tingingar”

- En oppgave for så vel revisjonen som sekretariatet
- Forslag til hvordan vi kan bli bedre?

Kvalitet i forvaltningsrevisjonen

Tilråding 57:

”Kommunane bør som eigarar eller tingarar utfordre revisjonseiningane på korleis dei organiserer verksemda og prosjekta, med tanke på å få høgast mogleg kvalitet på forvaltningsrevisjonane”

- Hvordan gjør vi dette i Rogaland Revisjon?
 - Alltid flere involverte: forvaltningsrevisor(er), fagansvarlig forvaltningsrevisjon, oppdragsleder
 - Våre revisorer har ulik formell kompetanse – statsvitenskap, juss, offentlig økonomi, siviløkonom, revisjon – og variert praksis fra både privat og offentlig sektor
 - Samarbeid mellom forvaltnings- og regnskapsrevisjon der dette er formålstjenlig

Forholdet mellom forvaltnings- og regnskapsrevisjon

Tilråding 58:

”Revisor bør orientere kontrollutvalet om korleis revisjonsarbeidet er planlagt, og kva det omfattar og ikkje omfattar. Kontrollutvalet har eit ansvar for å skaffe seg denne informasjonen, jf. kontrollutvalsforskrifta § 6”

- Regnskapsrevisjon – orientering gjennom presentasjon av revisjonsstrategi
- Forvaltningsrevisjon – orientering gjennom presentasjon av problemstillingene

Tilråding 59:

”Kontrollutvala bør oppmode revisor til å gjere kontrollutvalet merksam på område der utvalet bør vurdere å tinge forvaltningsrevisjon og andre kontrollar.”

- Opp til utvalget

Tilbake

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800209
Arkivkode : E: 212
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 24.05.2011	Utvallsaksnr. 14 /2011
--	-------------------------------	----------------------------------

BUDSJETTOPPFØLGING KONTROLL OG TILSYN PÅ 30.04.2011

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal etter føreskrifta § 18 uarbeide forslag til budsjett for kontroll- og tilsyns- arbeidet i kommune. Det inneber og ansvar for å følgje opp budsjettet gjennom året. Til dette møte føreligg rapport pr 30.04.2011, sjå vedlegg.

Saksutgreiing

Rapporten bygger på utskrift frå rekneskapen pr 30.04.2011, og har med seg alle utgifter til og med april.

Som det går fram av rapporten har kontrollutvalet til nå bruk 13,9 av budsjettet.

Når det gjeld utgiftene til kontrollutvalet er det brukt 13,4 % Dette skuldast mellom anna at det ikkje er betalt ut godtgjersle til kontrollutvalet enno. I tillegg har kontrollutvalet heller ikkje brukt noko av kursutgiftene enno.

Sekretariatet har fakturert for heile tertialet.

Rogaland Revisjon har berre brukt 13,5 % av budsjettet. Me har enno ikkje fått tertiarapporten frå revisjonen, men reknar med at dei vil kommenterer talet i møtet.

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand tek budsjettoppfølgning pr 31.04.2011 til orientering.](#)

SANDNES, 18.05.2011

Per Kåre Vatland
Rådgivar

Vedlegg:

1. [Budsjettoppfølgning pr 30.04.2011](#)

[Sakliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)



Kontrollutvalet i Forsand

Arkivkode : E: 212
Saksnr. : 200800209**Budsjettoppfølgning kontroll og tilsyn på 30.04.2011**

	Vedtak K.utv	Vedtak Kst.	Forbruk 1. tertia	%
Kommunens regnskap viser:				
Godtgjersle politikarar mm.	63 300	63 300		
Kurs og opplæring	15 000	15 000		
Reiseutgifter mm.	10 650	10 650		
Kontingentar	1 000	1 000	1 100	110,0 %
Kjøp konsulenttenester m.m.	50 000	50 000		
Kontrollutvalssekretariatet	92 000	92 000	30 000	32,6 %
Sum utgifter kontrollutvalet	231 950	231 950	31 100	13,4 %
Kjøp tenester frå revisjonen	341 250	341 250	46 150	13,5 %
Mva	120 800	120 800	19 037	15,8 %
Budsjettramme	694 000	694 000	96 287	13,9 %

[Tilbake](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800097
Arkivkode : E: 146
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 24.05.2011	Utvallssaksnr. 15 /2011
--	-------------------------------	-----------------------------------

BESTILLING AV OVERORDNA ANALYSE TIL NY PLAN FOR FORVALTNINGSREVISJON

Bakgrunn

Kontrollutvalet skal ifølgje føreskrifta for kvar periode vedta ein Plan for forvaltningsrevisjon som skal gjelde for heile perioden. Planen kan oppdaterast innanfor perioden når kontrollutvalet måtte ønskje det, og i tråd med kommunestyrets vedtak knytt til planen. Det skal difor utarbeidast en ny Plan for forvaltningsrevisjon i løpet av 2012, med siste frist for kontrollutvalet til å vedta ny plan 31.12.2012. Planen skal endelig godkjennast av kommunestyret.

Denne planen skal etter føreskrifta § 10, 2. ledd baserast på ein **overordna analyse**, som skal være med og danne grunnlag for prioriteringane i den nye planen.

Saksutgreiing

Norges KommuneRevisorForbund (NKRF) har laget ein vegleiar for gjennomføring og utarbeiding av overordna analyse. I tillegg har det vart det i rapporten "85 tilrådingar om styrkt eigenkontroll" framheva kor viktig det er med gode analyser, då med spesiell vekt på risikovurderingar. Her står det bl.a.:

Svara på kva god eigenkontroll bør vere i dag og framover, kan ein finne gjennom å analysere risikoane kommunane står overfor, og på det grunnlaget prioritere og utvikle internkontrollen, rekneskapsrevisjonen, forvaltningsrevisjonen og selskapskontrollen til å bli så effektive kontrollformer som mogleg.

I tillegg er temaet òg drøfta i kapittel 6 i den nylig utgitte "Kontrollutvalsboka".

Felles for disse er at det fokuserast spesielt på kor viktig det er med gode risikovurderingar. For å få en overordna analyse som er tilpasset den enkelte kommune, er det derfor viktig at man tar omsyn til spesielle særtrekk og risikofaktorar i den enskilde kommune i tillegg til de meir generelle samfunnsmessige risikomoment/utviklingstrendar.

Ifølge vegleiareren kan det på et overordna nivå være aktuelt å vurdere risiko og vesentlegheit ut frå følgjande fire perspektiv:

1. Fungerer lokaldemokratiet som føresett i kommunelova?
2. Produserer kommunen dei tenestene innbyggjarane har krav på, og skjer myndigheitsutøving og produksjon på en rasjonell og effektiv måte?
3. Bidrar kommunen gjennom si verksemd til ei bærekraftig utvikling?
4. Har kommunen en tillitsskapande forvaltning som bygger på en høy etisk standard?

Det fokuserast i NKRF sin vegleiar spesielt på korleis man skal gjennomføre risiko- og vesentlegheitsvurderingar, og kva teoretisk grunnlag som kan nyttast. Vegleiareren tilrår at følgjande element bør inngå i en overordna analyse:

- *Mål for den kommunale verksemda, herunder lovpålagte oppgåver*
- *Risikofaktorar som kan medføre uønska hendingar som kan hindre måloppnåing*
- *Risikovurdering:*
 - *Konsekvensane dersom hendinga inntreff*
 - *Kor sannsynleg er det at hendinga inntreff*
- *Risikoreducerande tiltak*
- *Vesentlegheitsvurdering*

Vegleiareren poengterer at risiko- og vesentlegheitsvurderingane som vert gjennomført vil danne utgangspunkt for vidare vurderingar av kva områder som bør prioriterast i plan for forvaltningsrevisjon. Vurderingane bør ha avdekket kor det er stor risiko for avvik i forhold til økonomi, produktivitet og måloppnåing/regeletterleving. Innan de områder kor risiko er avdekket, skal gjennomgangen òg vise kva tiltak leiinga har sett i verk for å redusere avdekket risiko til et akseptabelt nivå. Til slutt må kontrollutvalet gjøre sine vurderingar av vesentlegheit for de ulike områda – på kva måte er forholdet vesentleg?

Etter denne gjennomgangen vil det sannsynlegvis peika seg ut en del områder/aktuelle prosjekt som bør bli gjenstand for nærare vurderingar, og dermed er aktuelle å ha med i plan for forvaltningsrevisjon.

For å få en god prosess i kontrollutvalet med utveljing av de mest aktuelle prosjekta, er det nødvendig å starte denne prosessen på et av de første møta i 2012, for de minste kommunane på første møte i mars. Prosessen vil i tillegg til den overordna analysen også innebere kontakt med og informasjon frå både det politiske og administrative miljøet. Det ver difor føreslege at overordna analyse vert levert til første møte i 2012 i det enkelte kontrollutval.

For Forsand sin del vil det seie at analysen bør føreligge seinast 1. april, då det første møte i kontrollutvalet våren 2012 vil truleg vil vere i midten/slutten av april. Om ønskeleg kan kontrollutvalet òg ha ekstramøte(r) i samanheng med uarbeiding av planane.

Forslag til

VEDTAK:

Kontrollutvalet i Forsand ber Rogaland Revisjon IKS lage ei overordna analyse til bruk ved utarbeiding av ny Plan for forvaltningsrevisjon i 2012.

Analysen bør utarbeidast i tråd med tilrådingane i "Vegleiar til overordna analyse", og må føreliggje seinast 1. april 2012.

SANDNES, 16.05.2011

Per Kåre Vatland
Rådgivar

[Sakliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800045
Arkivkode : E: 216
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 24.05.2011	Utvallssaksnr. 16 /2011
--	-------------------------------	-----------------------------------

OVERSIKT OVER STATUS PROSJEKTER OG KONTROLLAR

Bakgrunn

Oversikta vet som vanleg lagd ram for å syne status på framdrifta med forvaltningsrevisjonar og selskapskontrollar. Oversikta er oppdatert fram til dette møtet.

Saksutgreiing

Kontrollutvalet har ein forvaltningsrevisjon i bestilling som dei ventar skal verte klar til møtet 30. august . I tillegg er selskapskontroll i Rogaland Revisjon under arbeid og vil vere klar til møtet 30. august.

Kontrollutvalet har ein forvaltningsrevisjon som skal følgjast opp i dette møtet. Når det gjeld selskapskontrollen i Rymi har ikkje kommunestyret vedteke at denne rapporten skal følgjast opp slik kontrollutvalet innstilte på.

Forslag til

VEDTAK:

[Kontrollutvalet i Forsand tek oversikt over status prosjekter og kontrollar – mai 2011 til orientering](#)

SANDNES, 18.05.2011

Per Kåre Vatland
Rådgivar

Vedlegg:

1. [Oversikt over status prosjekter og kontrollar – mai 2011](#)

[Sakliste](#)

[Neste](#)

[Førre](#)



Kontrollutvalet i Forsand

Arkivkode : E: 216
Saksnr. : 200800045

Oversikt over status prosjekter og kontrollar - mai 2011

Prosjekt frå bestilling*) til handsaming i kontrollutvalet

<i>Forvaltningsrevisjonar</i>	Vedtatt satt i gang	Estimert timeforbruk	Status / forventa ferdig	Merknad
1. Kommunen sitt styringssystem	30.11.10	100 timar		Kontrollutvalet ynskjer rapporten ferdig til møtet i september
<i>Selskapskontrollar</i>				
1. Rogaland Revisjon IKS	12.04.11		30.08.11	Innkjøpt teneste til avtalt pris

*) Prosjekter som skal bestillast i møte er ført opp i kursiv.

Prosjekt under politisk handsaming og til vidare oppfølging

<i>Forvaltningsrevisjonar</i>	Tinga	Handsama	Handsama av km/ dato	Planlagt følgd opp	Kommentar
1. Kommunen sine forsikringar	19.04.10	30.11.10	Kst: 14.12.10	24.05.10	
<i>Selskapskontrollar</i>					
1. Ryfylke Miljøverk IKS	19.04.10	12.04.11	Kst: 10.05.11		Våren 2011

Prosjekt som er avslutta

<i>Forvaltningsrevisjonar</i>	Tinga	Handsama av K.utv	Handsama av / dato	Følgd opp av K.utv.	Kommentar
1. Etikk	29.05.07	08.12.09	Kst: 16.02.10	30.11.10	
1. Arealplanlegging og utbyggingsområdar	28.03.06	29.05.07	Kst: 27.11.07	16.06.08	
2. Overordna analyse	11.09.07	09.09.08	Kst: 10.02.09		Plan for forvalt. revisjon handsama i kst. 10.02.09
3. Hendvingingar frå innbyggerane	28.11.06	09.09.08	Kst: 28.10.08	08.09.09	
<i>Selskapskontrollar</i>					
1. Gjesdal Bompengeselskap AS	09.09.08	08.12.09	Kst: 16.02.10		Oppfølging var ikkje nødvendig
2. Avanti Ryfylke AS	05.04.05	20.11.07	Kst: 18.12.07		
3. Ryfylke IKS	11.09.06	19.12.07	Kst: 28.01.08		
4. Ryfylke Miljøverk IKS	16.02.05	03.10.06	Kst: 25.10.06		Rådmannen vil sjå på Hjelmeland sin eigarstrategi. Følgjast opp seinare.

[Tilbake](#)

**ROGALAND
KONTROLLUTVALGSEKRETARIAT IS**

Arkivsak : 200800030
Arkivkode : E: 033
Saksbeh. : Per Kåre Vatland

Behandlast av utval: Kontrollutvalet i Forsand	Møtedato 24.05.2011	Utvallssaksnr. 17 /2011
--	-------------------------------	-----------------------------------

EVALUERING AV KONTROLLUTVALET SITT ARBEID I PERIODEN

Bakgrunn

Kontrollutvalet har nå berre igjen eit møtar i inneverande periode, før det vil bli valt nytt kontrollutval.

Sekretariatet inviterer derfor kontrollutvalet til å evaluera erfaringane frå denne perioden.

Saksutgreiing

Kontrollutvalet vert invitert til å gi tilbakemelding om erfaringar frå den perioden som nå går mot slutten innafor emne som:

- Opplæring/kurs/konferansar
- Forvaltningsrevisjon og selskapskontrollar
- Regnskap og internkontroll
- Budsjett- og budsjettoppfølging (kontrollutvalet sitt budsjett)
- Rapportering til kommunestyret, herunder årsmelding
- Samarbeidet med kommunen (adm./politisk)
- Samarbeidet med revisor
- Samarbeidet med sekretariatet
- Opne møter i kontrollutvalet
- Generelt

For å gjere det litt enklare, har vi lagd to skjema (sjå vedlegg) som kan nyttast. Sekretariatet forlèt gjerne møtet når samarbeidet med oss skal diskuterast dersom kontrollutvalet ønskjer det, og vi vil oppfordre revisor til å gjere det same dersom det er ønskjeleg.

Det første skjemaet inneheld overskriftar og stikkord som er knytt til emna nemnde ovanfor. Dette kan gjerne nyttast som ei huskeliste/momentliste. Det andre skjemaet er eit suksesskryss. Det er opp til kontrollutvalet å velje kva skjema dei vil nytte i evalueringa.

Det er sjølvsagt også anledning til å ta opp tema som ikkje er nemnt på skjemaet!

Det vert føreslått at sekretariatet samanfattar dei innspel som kommer fram, og legger fram eit referat på neste møte. Dette referatet vil vera tilgjengeleg for det nyvalde kontrollutvalet, og vil samtidig også vera eit reiskap for oss som betener kontrollutvalet for vidare utvikling.

Forslag til

VEDTAK:

Sekretariatet samanfattar mottatte innspel, og legg fram eit referat til neste møte i kontrollutvalet.

SANDNES, 16.05.2011

Per Kåre Vatland
Rådgivar

Vedlegg:

1. [Skjema Evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden](#)
2. [Suksesskrysset – evalueringsskjema](#)

[Sakliste](#)

[Meldingar](#)

[Førre](#)



Kontrollutvalet i Forsand

Arkivkode : E: 033

Saksnr. : 200800030

Skjema for evaluering av kontrollutvalet sitt arbeid i perioden

Opplæring av kontrollutvalet

Stikkord: *Kva er gjort i perioden. Kva erfaringar har kontrollutvalet. Kva kan forbeistrast. Er det forhold som nytt kontrollutval bør gripe fatt i eller følgje opp.*

Punktet omfattar: *Opplæring som er gitt i kontrollutvalet. Kurs og konferansar som medlemmene har deltatt på.*

KONTROLLUTVALETS EVALUERING

Forvaltningsrevisjon og selskapskontroll:

Stikkord: *Kva er gjort i perioden. Kva erfaringar har kontrollutvalet. Kva kan forbeistrast. Er det forhold som nytt kontrollutval bør gripe fatt i eller følgje opp.*

Punktet omfattar: *Arbeid med planer mellom anna overordna analyse og dialog med politikarar og administrasjon. Bestillingar. Behandling av rapporter. Oppfølging av rapportar.*

KONTROLLUTVALETS EVALUERING

Regnskap og internkontroll

Stikkord: *Kva er gjort i perioden. Kva erfaringar har kontrollutvalet. Kva kan forbeistrast. Er det forhold som nytt kontrollutval bør gripe fatt i eller følgje opp.*

Punktet omfattar: *Behandling av regnskap/skatteregnskap. Oppfølging av internkontroll. Oppfølging av revisjonens merknader.*

KONTROLLUTVALETS EVALUERING

Budsjett og budsjettoppfølging

Stikkord: *Kva er gjort i perioden. Kva erfaringar har kontrollutvalet. Kva kan forbeistrast. Er det forhold som nytt kontrollutval bør gripe fatt i eller følgje opp.*

Punktet omfattar: *Utarbeiding av budsjetter. Har kontrollutvalet tilstrekkelege midlar til rådvelde. Oppfølging av budsjettet gjennom året.*

KONTROLLUTVALETS EVALUERING

Rapportering til kommunestyret

Stikkord: *Kva er gjort i perioden. Kva erfaringar har kontrollutvalet. Kva kan forbeistrast. Er det forhold som nytt kontrollutval bør gripe fatt i eller følgje opp.*

Punktet omfattar: *Årsplan og årsmelding. Oversending av rapporter kommunestyret*

KONTROLLUTVALETS EVALUERING

Evaluering av samarbeid med kommunen

Stikkord: *Kva er gjort i perioden. Kva erfaringar har kontrollutvalet. Kva kan forbeistrast. Er det forhold som nytt kontrollutval bør gripe fatt i eller følgje opp.*

Punktet omfattar: *Samarbeid med kommunestyret. Samarbeid med administrasjonen. Samarbeid med det politiske miljø.*

KONTROLLUTVALETS EVALUERING

Evaluering av sekretariatets arbeid

Stikkord: *Kva erfaringar har kontrollutvalet. kva kan forbeistrast. Er det forhold som nytt kontrollutval bør gripe fatt i eller følgje opp.*

KONTROLLUTVALETS EVALUERING

Evaluering av revisors arbeid

Stikkord: *Kva erfaringar har kontrollutvalet. kva kan forbeholdast. Er det forhold som nytt kontrollutval bør gripe fatt i eller følgje opp.*

KONTROLLUTVALETS EVALUERING

Generelt

KONTROLLUTVALETS EVALUERING

[Tilbake](#)

Vedlegg: 2. Suksesskrysset - evalueringsskjema

Rogaland kontrollutvalsekretariat IS



Kontrollutvalet i Forsand

Arkivkode : E: 033
Saksnr. : 200800030

Suksesskrysset - evalueringsskjema

<i>Kva har fungert godt i perioden</i>	<i>Kvifor fungerte dette godt</i>
<i>Kva må bli betre</i>	<i>Korleis kan dette gjerast</i>

[Tilbake](#)

MELDINGAR

Periode: 01. desember 2010 - 24. mai 2011

Nr.	Referatsakstittel
------------	--------------------------

3/11	<u>Melding om vedtak - Årsmelding 2010 Kontrollutvalet</u>
------	--

4/11	<u>Melding om vedtak - Selskapskontroll Ryfylke Miljøverk IKS - RYMI</u>
------	--

5/11	<u>Melding om vedtak - Skatterekneskapen 2010 - Årsrapport</u>
------	--

[Saksliste](#)



Rogaland Kontrollutvalgssekretariat is

Dato: 13.05.2011

Vår ref.: 11/118-33/K1-004, K3-
&14//BVG

Saksbeh. e-post:
bvg@forsand.kommune.no

Saksbeh. tlf.: 51 700 108

Dykkar ref.:

Att:

Vedlegg:		
Dok.dato	Tittel	Dok.ID
27.04.2011	Sak 8 Kontrollutvalet si årsmelding 2010.pdf	49310

Melding om vedtak

Årsmelding 2010 Kontrollutvalet

Kommunestyret behandla saka i møtet den 10.mai 2011, og følgjande vedtak blei gjort:

Kommunestyret tek årsmelding for kontrollutvalet 2010 til orientering.

Sjå vedlagte saksutgreiing.

For rådmannen

Bodil Vika Gjesteland
politisk sekretær



Forsand kommune

Saksframlegg

SAKSGANG		
Saksnr	Utval	Dato
020/11	Kommunestyret	10.05.2011

Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak/j.post
K1-004, K3- &14	Kontrollutvalet	11/118 - 29 11/3073

Vedlegg:	Tittel	Dok.ID
Dok.dato		
27.04.2011	Sak 8 Kontrollutvalet si årsmelding 2010.pdf	49310

Årsmelding 2010 Kontrollutvalet

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek årsmelding for kontrollutvalet 2010 til orientering.

Behandling i Kommunestyret 10.05.2011

Samrøystes vedtak i samsvar med framlegg.

KS-020/11 Vedtak:

Kommunestyret tek årsmelding for kontrollutvalet 2010 til orientering.



Rogaland kontrollutvalgssekretariat is

Dato: 13.05.2011

Vår ref.: 06/1133-25/K1-026//BVG

Saksbeh. e-post:

bvg@forsand.kommune.no

Saksbeh. tlf.: 51 700 108

Dykkar ref.:

Att:

Melding om vedtak

Selskapskontroll Ryfylke Miljøverk IKS - RYMI

Kommunestyret behandla saka i møtet den 10.mars 2011, og følgjande vedtak blei gjort:

Kommunestyret i Forsand tek den framlagde selskapskontrollen av Ryfylke Miljøverk IKS til etterretning.

Sjå vedlagte saksutgreiing.

For rådmannen

Bodil Vika Gjesteland
politisk sekretær



Forsand kommune

Saksframlegg

SAKSGANG		
Saksnr	Utval	Dato
022/11	Kommunestyret	10.05.2011

Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak/j.post
K1-026	Kontrollutvalet	06/1133 - 24 11/3063

Vedlegg:		
Dok.dato	Tittel	Dok.ID
26.04.2011	Sak 6 Ryfylke Miljøverk IKS.pdf	49294
26.04.2011	SK Rapport Ryfylke Miljøverk IKS (Endelig).pdf	49295

Selskapskontroll Ryfylke Miljøverk IKS - RYMI

Rådmannen sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret i Forsand tek den framlagde selskapskontrollen av Ryfylke Miljøverk IKS til etterretning.

Behandling i Kommunestyret 10.05.2011

Samrøystes vedtak i samsvar med framlegg.

KS-022/11 Vedtak:

Kommunestyret i Forsand tek den framlagde selskapskontrollen av Ryfylke Miljøverk IKS til etterretning.



Skatteoppkrevaren

Dato: 13.05.2011

Vår ref.: 11/291-5/K1-210/BVG

Saksbeh. e-post:

bvg@forsand.kommune.no

Saksbeh. tlf.: 51 700 108

Dykkar ref.:

Att:

Vedlegg:		
Dok.dato	Tittel	Dok.ID
26.04.2011	Sak 4 Skatterekneskapen 2010.pdf	49286
26.04.2011	Kontrollrapport 2010 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Forsand kommune	49288
26.04.2011	Årsrapport for 2010 - Skatteoppkrevaren i Forsand kommune	49289
29.04.2011	Skatteoppkrevaren - Årsrapport 2010	49474

Melding om vedtak

Skatteoppkrevaren - Årsrapport 2010

Kommunestyret behandla saka i møtet den 10.mai 2011, og følgjande vedtak blei gjort:

Kommunestyret tek årsrapport 2010 frå skatteoppkrevjaren i Forsand med kontrollrapport frå Skatteetaten til orientering.

Sjå vedlagte saksutgreiing.

For rådmannen

Bodil Vika Gjesteland
politisk sekretær

Kopi til:

Rogaland

kontrollutvalgsekretariat is



Forsand kommune

Saksframlegg

SAKSGANG		
Saksnr	Utval	Dato
021/11	Kommunestyret	10.05.2011

Arkivkode	Saksbehandlar	Arkivsak/j.post
K1-210	Kontrollutvalet	11/291 - 4 11/3171

Vedlegg: Dok.dato	Tittel	Dok.ID
26.04.2011	Årsrapport for 2010 - Skatteoppkrevaren i Forsand kommune	49289
26.04.2011	Kontrollrapport 2010 vedkomande skatteoppkrevjarfunksjonen i Forsand kommune	49288
26.04.2011	Sak 4 Skatterekneskapen 2010.pdf	49286

Skatteoppkrevaren - Årsrapport 2010

Kontrollutvalet sitt framlegg til vedtak:

Kommunestyret tek årsrapport 2010 frå skatteoppkrevjaren i Forsand med kontrollrapport frå Skatteetaten til orientering.

Behandling i Kommunestyret 10.05.2011

Samrøystes vedtak i samsvar med framlegg.

KS-021/11 Vedtak:

Kommunestyret tek årsrapport 2010 frå skatteoppkrevjaren i Forsand med kontrollrapport frå Skatteetaten til orientering.